

Ledige graver i 25 år

23.10.2014

Ein situasjonsrapport i 2012 på ledige gravplassar i kommunen synte at det i Uskedalen var 135 ledige graver i nytt felt og 260 i andre felt - tilsaman 395 ledige. Reserverte graver var då 69. Sidan rapporten vart laga har det vore 20 gravferder og nokre av desse har hatt reserverte graver. Det tyder at det no er 375 frie graver, skriv kyrkjeverje Erlingur Nielsson i svaret sitt på spørsmål frå soknerådet.

Han held fram.

Prognosen på dødsfall basert på folketal er 11, men ein opererar med 15 for å vera på den sikre sida og det tyder på at det er ledige graver i ca. 25 år. I tillegg kjem graver som vert frigjort etter kvart.

Eg meiner at ein skal prøve etter evne å gjenbruka gravfelt framfor å utvida ein kyrkjegard. Etter kvart vert mange graver frigjort og eit felt på ein kyrkjegard vert mykje finare med nye gravminne i staden for at det berre står nokre få gamle gravminne igjen.

Så kanskje har ikkje Uskedal behov for ein utviding av areal, men hvis soknerådet likevel vurderer det slik må de sende inn ei sak om det til fellesrådet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen